



BERGEN  
KOMMUNE

# BARN OG UNGE I VESTLAND PUBLIKUMSAKTIVITETAR 2022

Rapport nr. 7 frå Barnefamiliepanelet – revidert utgåve



**Rapportserie frå Bergen kommune, byrådsavdeling for kultur, frivilligkeit og inkludering, seksjon for plan og analyse:**

1. Kart-app med barn si deltaking i fritidsaktivitetar  
<https://barnefamiliepanelet.shinyapps.io/kart/> (2020)
2. Koronatiden i Bergen - Oversiktsrapport (2020)
3. Kjennskap og bruk av nokre bergenske kulturarenaer. (2020)
4. Kven deltek og kva kostar det? – Barn og unge sine fritidsaktivitetar i Bergen (2021)
5. Effekten av korona på kultur, idrett og fritid (2021)
6. Barn og unge i Vestland: Faste organiserte aktivitetar 2022 (nov. 2022).
7. Barn og unge i Vestland: Publikumsaktivitetar 2022 (nov. 2022).
8. Oversikt over spørsmål frå Bergen kommune sitt barnefamiliepanel 2019, 2020, 2021 og Vestland barnefamiliepanel 2022 (des. 2022).
9. Dokumentasjonsrapport Bergen kommune sitt barnefamiliepanel/Vestland barnefamiliepanel (Under arbeid).

Kontakt er [William.Hazell@Bergen.kommune.no](mailto:William.Hazell@Bergen.kommune.no).

**Om rapporten:**

Rapporten blei først publisert i november 2022. Revidert utgåve kom i mars 2023. Revisjonen omfatta korrigering av ein utrekningsfeil som hadde konsekvensar for figurane i kapittel 4 og 5, endring av figurfargar i tråd med universell utforming, korrekturlesing og andre mindre endringar. Bergen kommune sitt barnefamiliepanel/ Vestland barnefamiliepanel dekker heile fritida til barn og unge mellom 3 og 17 år. Seksjon for plan og analyse står bak panelet saman med Vestland fylkeskommune og forskingspartar. Rapporten er leia og utarbeidd av rådgjevar Åsgeir Kjetland Rabben, med bidrag frå rådgjevar William Fjellsende, rådgjevar Rebecca Dyer Ånensen og seksjonsleiar William Hazell. Undersøkinga er laga av Hazell, Rabben og rådgjevar Andreas Roaldsnes. Frå Vestland fylkeskommune har rådgjevar Elizabeth Jan Warren, rådgjevar Hanne Marthe Espe og rådgjevar Jannicke Holmseth Bukve bidrige i arbeidet.

Nettsider: [www.bergen.kommune.no/barnefamiliepanelet](http://www.bergen.kommune.no/barnefamiliepanelet).

Framsidebilete: Foto bilet øvst: Trude Kraft Solbue. Foto bilet nedst: Eivind Senneseth.



BERGEN  
KOMMUNE



Vestland  
fylkeskommune

## Forord

Å være publikum er å være i et fellesskap av opplevelser. Opplevelser som kan gi kunnskap, kompetanse, innsikt, refleksjoner og mer. Å være publikum er en viktig del av en god oppvekst, med stor effekt på både den enkeltes liv og på folkehelsen.

Denne rapporten er en av to overordnede rapporter med de første data fra Vestland barnefamiliepanel. Rapporten gir en liten oversikt i noen av dataene vi har.

Panelet og rapportene skal være et redskap for at kommuner, organisasjoner og institusjoner skal kunne utvikle fritiden til barn og unge. Dette er et unikt godt datasett. Ingen andre norske, eller så vidt vi vet europeiske, datasett har så detaljerte svar. Her er det store muligheter når man skal planlegge og evaluere.

Store kvantitative datasett over gjennomslaget i samfunnet for publikumstilbud er nye for våre sektorer. En felles jobb fremover er å utvikle kompetanse på å bruke slik data. Kvantitativ data gir innsikt i hvem som er med og ikke med, og i fakta omkring deltaking. Men kvantitativ data gir mindre kunnskap om motivasjon og årsaker. Her må den enkeltes handlingsbåren kunnskap inn.

Et felles datasett er også et godt grunnlag for samarbeid over organisasjons og aktivitetsgrenser, blant annet mellom kultur og idrett, og ikke minst for at kommuner skal lære av hverandre. Et regionalt datasett som her er også grunnlag for felles utvikling av tilbud som krysser kommunegrenser, slik publikum også krysser kommunegrenser.

Vestland barnefamiliepanel er gjennomført av Bergen kommune med delfinansiering fra Vestland fylkeskommune. Kommunene har bidratt med å gjøre undersøkelsen kjent blant sine innbyggere og inviteres videre med i å utvikle analyser til fremtidige rapporter.

Rapporten viser at vi når de fleste barn og unge. At det er mange valgmuligheter og mange tilbud. Det gjøres en fremragende jobb av lag, organisasjoner, institusjoner og kommuner. Sammen skal vi også nå de siste som faller utenfor.

Eduardo Andersen

Byråd for kultur, frivillighet og inkludering

Bergen kommune

Stian Davies

Leiar av hovudutval for kultur, idrett og

inkludering

Vestland fylkeskommune

# Innhald

Forord .....	2
Innhald.....	3
1. Om undersøkinga og bruk av rapporten .....	4
2. Kort om eksisterande kunnskap om fritidsaktivitetar .....	5
3. Hovudfunn.....	7
4. Publikum på sports- eller idrettsarrangement.....	8
5. Kulturpublikum utan kino.....	9
5.1 Samla deltaking som publikum på kultur utan kino .....	11
5.2 Konsertpublikum .....	15
5.3 Teaterpublikum .....	15
5.4 Kunstudstilling publikum .....	19
5.5 Museum/ kulturminne publikum .....	22
6. Kino og fornøyelsespark, leikeland o.l. ....	25
6.1 Kino .....	25
6.2 Fornøyelsespark, leikeland o.l.:.....	25
7. Bibliotek.....	28
7.1 Vore på bibliotek uansett føremål.....	30
7.2 Bibliotek; Besøk utan lån, med lån, eller på arrangement .....	32
8. Meir om undersøkinga, analysekategoriane og metode .....	39
8.1 Rapportens styrker og svakheiter.....	39
8.2 Tidspunkt, geografi, talet på spurde og respondentar.....	39
8.3 Spørsmåla .....	40
8.4 Om vektning av data.....	41
8.5 Kommunaløkonomiske forhold .....	41
8.6 Om analysekategoriane .....	42
8.6.1 Kjønn.....	42
8.6.2 Foreldrenes utdanning .....	42
8.6.3 Hushaldningas justerte brutto inntekt.....	42
8.6.4 Regionar i fylket og bydelar i Bergen .....	42
8.6.5 Kommunens sentralitet.....	44

## 1. Om undersøkinga og bruk av rapporten

Denne rapporten skal gi dokumentasjon på den store jobben som organisasjonar, institusjonar og kommunar gjer for barn og unge. Rapporten gjer ei oversikt over publikums aktivitetar for barn og unge i Vestland fylke og baserer seg på data frå Barnefamiliepanelet 2022. Det kan vera krevjande å bruke tall. Rapporten begynnar med totalbilete, for så å sjå på enkelt aktivitetar. Dersom lesaren fin de enklare å begynne med ein enkelt aktivitetstype, blar ein lengre bak i rapporten og begynner der.

Barnefamiliepanelet skal vere ein hjelp til når tilbod til barn og unge skal utviklast, eller det skal leverast dokumentasjon på at tilbod når brukarane, og har betydning. Panelet inneheld spørsmål om barn si deltaking på ei rekje ulike kultur- og idrettsaktivitetar og andre aktivitetar. Både faste, organiserte aktivitetar, eigenorganiserte aktivitetar og publikumsdeltaking på arrangement vert dekka. I denne rapporten er det publikumsaktivitetane som er i fokus.

Rapporten inneheld beskrivande data der me får vite kven som deltar på kva slags publikumsaktivitetar, sted for aktivitet og omfang av aktivitet. Med andre ord, me får vite tall om aktivitetane sitt gjennomslag i befolkninga. Kvantitative data kan ikkje seie noko spesifikt om kvifor vi ser det vi ser. Dataene som presenterast her må derfor vurderast av lesaren saman med annan kunnskap, og her er den handlingsborne kunnskapen til dei som skapar aktivitets-tilbod viktig.

Figurane i rapporten viser gjennomsnittleg deltaking på ulike publikumsaktivitetar blant barn og unge i alderen 6-15 år sett opp mot bakgrunnsvariablane kjønn, alder, folkehelseregion i fylket, bydel i Bergen, kommunens sentralitet, foreldra sitt utdanningsnivå og hushaldninga si justerte bruttoinntekt. Meir om desse kategoriene i rapportens siste kapitel.

Undersøkinga er gjennomført av Bergen kommune med støtte frå Vestland fylkeskommune. Bergen kommune har gjennomført undersøkinga tre gonger i Bergen kommune sidan 2019. I 2022 blei undersøkinga utvida til heile fylket. Spørjeundersøkinga gjekk då føre seg mellom 23. mai og 21. juni 2022. Spørjeundersøkinga oppfyller personvernlovgiving. Sjå siste kapitel i rapporten eller nettsida for fleire tekniske detaljer om undersøkinga.

Alle folkeregistrert i Vestland fylke med barn mellom 3 og 17 år fekk invitasjon til å delta. Når første forelder ikkje har svart etter 2 påminningar har invitasjonen gått vidare til eventuell andre forelder i husstanden.

For å inkludere flest moglege svar i analysen har vi tatt med alle respondentane som har svart på undersøkinga, sjølv om dei ikkje har fullført heile, så lenge dei har svart på spørsmålet om eige utdanningsnivå. Talet på svar som vi baserer figurane våre på vil difor variere litt, men er oppgitt i kvar figur. Med avgrensinga etter svar på eige utdanningsnivå blir svarprosenten i undersøkinga slik:

Svar 2022	Svart	Bruttoutval	Svarprosent
Bergen kommune	6229	27202	22,9 %
Vestland eks. Bergen	6722	36656	18,3 %
Total	12951	63858	20,3 %

## 2. Kort om eksisterande kunnskap om fritidsaktivitetar

Verdas helseorganisasjon har gjennomgått forsking om kultur og helse og konkludert at kultur har ei viktig rolle i å forhindre og lege sjukdom i alle grupper (Fancourt & Finn 2019). Frå forsking er det kjent at deltaking i organiserte fritidsaktivitetar styrker born og unge sin trivsel, sjølvkjensle og kognitive evner, og at det kan forhindra utanforsk (Jacobsen et al. 2021, 11-12, Strand og Kindt 2019, 35). Ein viktig effekt for samfunnet er at born og unge frå ulike samfunnslag gjennom deltaking utviklar tillit og evner til samarbeid med andre. Det at born frå familiar med låg sosioøkonomisk status er med, gjer at deltaking kan ha ein utjamnande effekt (Strand og Kindt 2019, 36).

Ein rapport frå Institutt for samfunnsforsking frå 2021 (Jacobsen et al. 2021) slår fast at foreldre sin sosioøkonomiske bakgrunn har mykje å seia for born sine fritidsaktivitetar i Noreg. Når det gjeld kulturaktivitetar er det familiens kulturelle ressursar som har mest å seia, medan det for idrett er familiens økonomi som er mest avgjerande (*ibid.*, 66). Samstundes ser ein at biletet er nyansert, og nyanske vil vera viktige for utvikling av tilbod og tiltak. Detaljerte data i barnefamiliepanelet syner at nokre kultur- og idrettsaktivitetar har tydelegare økonomiske barrierar enn andre, medan deltaking i andre aktivitetar er avhengig av foreldras utdanning. Resultata frå Barnefamiliepanelet samsvarar med funna frå tidlegare forsking, men data-kvaliteten gjer det mogleg å sjå variasjonar på lokalt nivå, og mellom ulike tilbod. Det er nytt.

Når det gjeld deltaking for born og unge med innvandrarbakgrunn, finst det begrensa data. Årsaka til dette er at innvandrarar i mindre grad svarar på spørjeundersøkingar og at innvandrarbefolkinga er svært heterogen (Jacobsen et al. 2021, 16-18). Det datamaterialet som finst, som til dømes frå Ødegård og Fladmoe (2017), indikera at innvandrar-ungdom er kraftig underrepresenterte i idrett, men ikkje i andre aktivitetar (*ibid.*, 39-56). Barnefamiliepanelet peikar i same retning som Ødegård og Fladmoe (2017). Ein kan vera merksam på at om lag halvparten av den fattigaste respondentgruppa i Barnefamiliepanelet ser ut til å ha innvandrarbakgrunn. I Vestland barnefamiliepanel 2022 har 17% av respondentane minst ein foreldre født i utlandet. Her er det rom for vidare utforsking.

Ungdata, som er ein landsdekkjande undersøking om ungdom, finn at gutter er noko meir aktive i organisert idrett (særleg dei eldste), mens jenter er markant meir aktive når det gjeld organiserte kultur (Bakken 2021, 33). Data frå Barneskoletrinnet i Bergen viser den same tendensen også her (Ungdata 2021a, 16-17). Videre finn ein at andelen (for begge kjønn) som deltar i organiserte fritidsaktivitetar er høgast for barna som går i slutten av barneskolen, mens andelen fell på ungdomsskolen og ytterlegare på vidaregåande (Ungdata 2021b, 22-23; Ungdata 2021c, 22-23). Vi ser dei same tendensane i Barnefamiliepanelet. Her har vi også meir detaljerte data for de spesifikke aktivitetar og inkluderer yngre barn enn vi finn i Ungdata. Noko av det som da blir tydeleg er at kjønnss-forskjellene i deltaking i kulturaktivitetar er på sitt største når barna er yngst. Gutar kommer altså seinare i gang enn jenter.

I den organiserte idretten er det kjent at det er tydelege forskjellar i kva jenter og gutter deltar i (Reitlo 2013). Tidleg på ungdomsskole deltar gutter og jenter om lag like mye i organisert idrett, men etter kvart som dei blir eldre er det større fråfall blant jenter enn gutter (Jacobsen et al 2021, 32). For dei alderstrinna som blir studert i Barnefamiliepanelet ser ein små ulikskapar i overordna deltaking i idrett mellom kjønna. Men som i andre studiar (Reitlo 2013) ser ein at gutter er overrepresentert i fotball, mens jenter er overrepresentert i idrettar som

handball og turn. Samlet ser vi at en veldig stor andel av de idrettsaktive gutane driver med fotball, mens jentene i mindre grad er konsentrert om ein idrett.

Ungdata og Barnefamiliepanelet viser at dei fleste har faste organiserte aktivitetar, men at ein minoritet, mellom 5 og 15 % av dei mellom 6 og 15 år, fell utanom. Videre viser analysar av data frå Barnefamiliepanelet ulike mønster i deltaking i ulike aktivitetar. Vi finner at ulikskapen mellom geografiske områder er stor, og mistenker at dette ikkje kan forklarast av sosioøkonomisk bakgrunn åleine (Ungdata 2022 og Barnefamiliepanelet 2022).

Referansar:

- Barnefamiliepanelet (2022): <https://www.bergen.kommune.no/barnefamiliepanelet>
- Bakken, A. (2021): Ungdata 2021. Nasjonale resultater. NOVA Rapport 8/21. Oslo: NOVA, OsloMet.
- Fancourt, Disy & Finn, Saoirse (2019): World health organisation scoping review; What is the evidence on the role of the arts in improving health and well-being? <https://www.who.int/europe/publications/i/item/9789289054553>
- Jacobsen, Sigurd E, Andersen, Patrick L., Nordø, Åsta D., Sletten, Mira & Arnesen, Dan (2021): Sosial ulikhet i barn og unges deltakelse i organiserte fritidsaktiviteter. Rapport 2021:01. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/handle/11250/2728534>
- Reitlo, L. S. (2013): Kjønnsforskjeller i barne- og ungdomsidretten : NIFs aktivitetstall 2006-2011. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning: <https://samforsk.no/uploads/files/Kjønnsforskjeller-i-barne-og-ungdomsidretten-Rapport-6-8-2013-WEB.pdf>
- Strand, Anne H og Knidt, Marianne T (2019): Unge i utsatte boområder - kunnskapsoversikt. Fafo-notat 2019:24. <https://www.fafo.no/images/pub/2019/10314.pdf>
- Ungdata 2021a: [https://www.ungdata.no/wpcontent/uploads/reports/Vestland\\_Bergen\\_2021\\_Barne\\_skole\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wpcontent/uploads/reports/Vestland_Bergen_2021_Barne_skole_Kommune.pdf)
- Ungdata 2021b: [https://www.ungdata.no/wpcontent/uploads/reports/Vestland\\_Bergen\\_2021\\_Ungdomsskole\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wpcontent/uploads/reports/Vestland_Bergen_2021_Ungdomsskole_Kommune.pdf)
- Ungdata 2021c: [https://www.ungdata.no/wpcontent/uploads/reports/Vestland\\_Bergen\\_2021\\_Videogaende\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wpcontent/uploads/reports/Vestland_Bergen_2021_Videogaende_Kommune.pdf)
- Ødegård, G og Fladmoe, A (2017): Samfunnsengasjert ungdom. Deltakelse i politikk og organisasjonsliv blant unge i Oslo. Rapport 2017:02. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. [https://www.regjeringen.no/contentassets/e80cc980f8564abe9eed9ac3644faf0a/vr\\_2017\\_2\\_v6\\_nett.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/e80cc980f8564abe9eed9ac3644faf0a/vr_2017_2_v6_nett.pdf).

### 3. Hovudfunn

Kultur-, idretts- og anna fritidsliv lykkes med ei stor jobb. I gjennomsnitt våren 2022 var 49% idrettspublikum, mens 65 % var kulturpublikum. Mange gjekk på fleire tilbod. I tillegg hadde 90% av alle barn og unge i Vestland mellom 6 og 15 år minst ein fast organisert fritidsaktivitet.

Tross denne høge deltakinga, finn vi sosial ulikskap. Vi ser at deltaking er ujamnt fordelt etter fleire ulike, og dels kryssande og forsterkande mekanismar. Her finner vi at utdanning, inntekt, kjønn og geografisk plassering er viktige faktorar. Vi finn at auka inntekt og/eller auka utdanning hos foreldra aukar sjansen for deltaking. Når det gjeld deltaking i idrett er inntekt den viktigaste, men ikkje den einaste, påverkingsfaktoren. Når det gjeld deltaking i kulturaktivitetar er utdanning den viktigaste faktoren. Vi ser også at forholdet mellom utdanning og inntekt varierer etter tilbod.

Vidare finn vi at jenter og gutter totalt sett deltar i like stor grad i organisert aktivitet, men at det er forskjell mellom kjønna når det gjeld type aktivitet, samt at enkeltilbod ofte er dominert av eit kjønn. Jenter er i fleirtal når det gjeld kulturaktivitetar. Deltaking i idrett er meir likt. Ressurssvake gutter er særleg utsett for å ikkje delta i organiserte aktivitetar.

Mykje ulikskap kan forklarast med familien sin utdanning og inntekt, men dei geografiske ulikskapane er så store at me antar at lokal og regional politikk, tilbod og lokale entusiastar også spelar viktige roller. Men dei tel antakeleg ulikt på ulike typar tilbod.

Andre sentrale trekk ein kan sjå i datamaterialet er.

- Det er store ulikheiter etter både «folkehelseregionar» og «sentralitetsklassar».
- Familiar med lav inntekt deltek mindre som publikum. Me veit lite om det er kvalitetsulikheiter i opplevingane i tillegg.
- Også gratistilbod har kostnader for transport, mat, utstyr osv., som kan vere barrierar for deltaking. Me har i ein anna rapport sett på reelle totalkostnader.
- Tiltak verkar! Dei fattigaste aukar deltaking der det er aktivitetskort og friplassar.

I Bergen kan ein måle endringar før og etter korona: For 6-15 år ser vi at deltaking som publikum har falt frå 70% til 62%.

God bruk av data er krevjande: Lesaren må sjå på samspelet mellom det store biletene og dei store ulikskapene i effekten av påverkingsfaktorar på de enkelte aktivitetar.

## 4. Publikum på sports- eller idrettsarrangement

### Idrettspublikum får felles opplevingar og sosiale møtestader.


I dette kapittel viser vi andelen barn og unge i alderen 6-15 år som har vore publikum eller sports- eller idrettsarrangement i første halvår i 2022. Vi viser gjennomsnittleg deltaking fordelt på region, bydel i Bergen kommune, sentralitetsklassar, foreldras utdanningsnivå, husstandens justerte inntekt og aldersgrupper. Fordi 16-17 åringane i vårt utval oppfører seg svært annleis enn 6-15 åringane er dei utelatne frå utrekninga av gjennomsnittleg deltaking, men dei er inkludert i figuren som viser deltaking fordelt på aldersgrupper. I figurbeskrivingane indikerer «svar» kor mange som har svart (ja/nei) på spørsmåla om deltaking på publikumsarrangement, som vi også har relevant bakgrunnsinformasjon om til den enkelte figur.

Spørsmål i barnefamiliepanelet gjeld berre besøk i fritida. Besøk med skule er utanom og kan ha ein anna sosial profil.


Hovudfunn her er:

- Geografi har mindre å seie: Det er ulikheitar, men samanlikna med andre publikumsaktivitetar er det mindre regionale og bydelsforskjeller.
- Klasse spel større rolle: Hushaldinga si inntekt og utdanning har stor innverknad, med størst deltaking av dei mest resurssterke.
- 10 til 15 åringar er mest aktive, der vel halvparten av både gutar og jenter er med. Så fell deltaking noko, mest for jenter.


*Figur 4.1: Andel barn og unge (6-15 år) som deltok på sports- eller idrettsarrangement etter region. Svar: 8749*




*Figur 4.2: Andel barn og unge (6-15 år) som deltok på sports- eller idrettsarrangement etter bydel i Bergen kommune. Svar: 4051*




*Figur 4.3: Andel gutter og jenter (6-15 år) som deltok på sports- eller idrettsarrangement etter bustadkommunens sentralitetsklasse. Svar: 8749*




*Figur 4.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som deltok på sports- eller idrettsarrangement etter justert husstandsinnntekt. Svar: 8657*



*Figur 4.5: Andel gutter og jenter (6-15 år) som deltok på sports- eller idrettsarrangement etter foreldras høgste utdanningsnivå. Svar: 8713*



*Figur 4.6: Andel gutter og jenter (6-17 år) som deltok på sports- eller idrettsarrangement etter alder. Svar: 9685*



## 5. Kulturpublikum utan kino

**Publikumsaktivitetar gir barn og unge opplevingar, kompetanse på kvalitet og gjennomføring innan kultur og er sosialt viktige møtestader. Forsking viser at det har betydning for folkehelsa.**

I dette kapitel viser vi andelen barn og unge i alderen 6-15 år som har vore publikum eller besøkt minst eit kulturarrangement utanom kino dei siste 4 månadene våren 2022. Vi viser først samla deltaking, for så å sjå nærare på teater, konsert, kunstutstilling og museum/kulturminne. Vi viser gjennomsnittleg deltaking fordelt på region, bydel i Bergen kommune, sentralitetsklassar, foreldras utdanningsnivå, husstandens justerte inntekt og aldersgrupper. Fordi 16-17 åringane i vårt utval oppfører seg svært anngleis enn 6-15 åringane er dei utelatne frå utrekninga av gjennomsnittleg deltaking, men dei er inkludert i figuren som viser deltaking fordelt på aldersgrupper. I figurbeskrivingane indikerer «svar» kor mange som har svart (ja/nei) på spørsmåla om deltaking på publikumsarrangement, som vi også har relevant bakgrunnsinformasjon om til den enkelte figur.


Spørsmål i barnefamiliepanelet gjeld berre besøk i fritida. Besøk med skule er utanom og kan ha ein anna sosial profil.

### 5.1 Samla deltaking som publikum på kultur utan kino


Først ser vi på publikumsdeltaking innan kultur samla, dvs. om barnet dei siste fire månader, har vore minst éin gong på konsert, teater, danseforestilling, litteraturarrangement, kunstutstilling, museum/ kulturminne, folkefest/utandørs arrangement, festival, open verkstad eller biblioteksarrangement. Kino er utanom, og presenterast i seinare kapitel.

- 62% av alle mellom 6 og 15 år fekk våren 2022 ein kulturell publikumsoppleveling.
- Det er 18 prosentpoeng forskjell mellom topp og botn etter både region og bydel.
- Deltaking aukar med inntekt og utdanning, og fell noko etter sentralitet.
- 3 år til 9 år er dei mest aktive med rundt 70% som er med.
- Det er aukande forskjell etter kjønn med aukande alder, der gutter fell mest i frå.


*Figur 5.1.1: Andel barn og unge (6-15 år) som var kulturpublikum utan kino etter region.  
Svar: 8749*




*Figur 5.1.2: Andel barn og unge (6-15 år) som var kulturpublikum utan kino etter bydel i Bergen kommune. Svar: 4051*




*Figur 5.1.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som var kulturpublikum utan kino etter bustadkommunens sentralitetsklasse. Svar: 8749*




*Figur 5.1.4: Andel barn og unge (6-15 år) som var kulturpublikum utan kino etter **bustad-kommunen sin sentralitetsklasse**. Storleiken på sirkelen indikerer innbyggjartalet i kommunen/ bydelen. Den svarte streken er gjennomsnittsverdien for sentralitetsklassen. Svar: 8749*




*Figur 5.1.5: Andel gutter og jenter (6-15 år) som var kulturpublikum uten kino etter **justert husstandsinnntekt**. Svar: 8657*



*Figur 5.1.6: Andel gutter og jenter (6-15 år) som var kulturpublikum uten kino etter **foreldras høgste utdanningsnivå**. Svar: 8713*



*Figur 5.1.7: Andel gutter og jenter (6-17 år) som var kulturpublikum uten kino etter **alder**. Svar: 9685*




## 5.2 Konsertpublikum

Her vises kor stor andel av barn og unge som var på konsert minst ein gong i første fire månader av 2022.


Konsertdeltaking for barn og unge varierer etter geografi, klasse og kjønn:

- Det er stor geografisk ulikskap, og aukande deltaking etter minst sentrale kommune.
- Klasse er viktig, der aukande inntekt og utdanning gir større andel på konsert i fritid.
- Fleire jenter enn gutter er på konsert, og det blir et hopp opp i 16 og 17 års alderen.


*Figur 5.2.1: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på konsert etter region. Svar: 8749*




*Figur 5.2.2: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på konsert etter bydel i Bergen kommune. Svar: 4051*




*Figur 5.2.3: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på konsert etter **bustadkommunens sentralitetsklasse**. Svar: 8749*




*Figur 5.2.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på konsert etter **justert husstandsinntekt**. Svar: 8657*



*Figur 5.2.5: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på konsert etter **foreldras høgaste utdanningsnivå**. Svar: 8713*



Figur 5.2.6: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har vore på konsert etter alder. Svar: 9685




### 5.3 Teaterpublikum

Her vises andel av barn og unge som var på teater i fritida minst ein gong i første fire månader av 2022.


Teaterdeltaking for barn og unge varierer etter geografi, klasse og kjønn:

- Det er store forskjellar mellom regionar og bydelar. Samtidig som det er minskande deltaking etter minst sentrale kommune.
- Klasse er viktig, der aukande inntekt og utdanning gir større andel på teater i fritid.
- Teater er mest viktig for de yngste: 39 % av jenter og 33% av gutter mellom 6 og 9 år var med. Så halverast besøk til femtenårsalderen, for å stige noko for 16 og 17 år.
- Det er fleire jenter enn gutter, men teater har ikkje høgaste kjønnsulikskap av tilbod.


Figur 5.3.1: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på teater etter region. Svar: 8749




*Figur 5.3.2: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på teater etter bydel i Bergen kommune. Svar: 4051*




*Figur 5.3.3: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på teater etter bustadkommunens sentralitetsklasse. Svar: 8749*




*Figur 5.3.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på teater etter justert husstandsinnntekt. Svar: 8657*



*Figur 5.3.5: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på teater etter foreldras høgaste utdanningsnivå. Svar: 8713*



*Figur 5.3.6: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har vore på teater etter alder. Svar: 9685*




## 5.4 Kunstudstilling publikum

Her vises kor stor andel av barn og unge som var på kunstudstilling i fritida minst ein gong i første fire månader av 2022.


Besök på kunstudstilling er lågare enn de andre kategoriane som vi her viser.

- Det er store forskjellar mellom regionar, og svært store mellom bydelar. Bergenhus er på topp med 26% av ungane, mot 5% i Laksevåg.
- Bergen er noko høgare enn de andre kommunar, men det er ikkje eit tydeleg mønster mellom dei andre sentralitetsklasser.
- Klasse er viktig: Auka inntekt gir auka besök. Også for utdanning gir auka utdanning auka besök med en særleg effekt i lang høgare utdanning
- Fleire jenter enn gutter er på kunstudstilling, forholdsvis jamt fordelt etter alder.


*Figur 5.4.1: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på kunstutstilling etter region.*  
*Svar: 8749*




*Figur 5.4.2: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på kunstutstilling etter bydel i Bergen kommune.* Svar: 4051




*Figur 5.4.3: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på kunstutstilling etter bustadkommunens sentralitetsklasse.* Svar: 8749




*Figur 5.4.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på kunstutstilling etter justert husstandsinnntekt. Svar: 8657*



*Figur 5.4.5: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på kunstutstilling etter foreldras høgste utdanningsnivå. Svar: 8713*



*Figur 5.4.6: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har vore på kunstutstilling etter alder. Svar: 9685*




## 5.5 Museum/kulturminne publikum

Her vises andel av barn og unge som var på teater i fritida minst ein gong i første fire månader av 2022.


Figurane viser:

- Barn og unge i Bergen har klart høgaste besøk (36%), med flest (52%) i Bergenhus. Det er også stor forskjell mellom lågaste annan region og høgaste spennet 12% til 27%.
- Sentralitet er svært viktig, med fallande besøk etter lågare sentralitet.
- Besøk auke jamnt med familieinntekt og aukande utdanning
- Besøket fell med alder fra 33% for de mellom 6 til 9 år til 16 % av dei eldste gutar.


*Figur 5.5.1: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på museum/kulturminne etter region.  
Svar: 8749*




*Figur 5.5.2: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på museum/kulturminne etter bydel i Bergen kommune. Svar: 4051*




*Figur 5.5.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på museum/kulturminne etter bustadkommunens sentralitetsklasse. Svar: 8749*




*Figur 5.5.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på museum/kulturminne etter justert husstandsinnent. Svar: 8657*



*Figur 5.5.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på museum/kulturminne etter foreldras høgaste utdanningsnivå. Svar: 8713*



*Figur 5.5.6: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har vore på museum/kulturminne etter alder.*  
Svar: 9685



## 6. Kino og fornøyelsespark, leikeland o.l.

I dette kapitel viser vi andelen barn og unge i alderen 6-15 år som har vore publikum eller besøkt kino og fornøyelsespark, leikeland o.l., minst ein gong dei siste 4 månadene våren 2022. Vi viser gjennomsnittleg deltaking fordelt på region, bydel i Bergen kommune, sentralitetsklassar, foreldras utdanningsnivå, husstandens justerte inntekt og aldersgrupper. Fordi 16-17 åringane i vårt utval oppfører seg svært anngleis enn 6-15 åringane er dei utelatne frå utrekninga av gjennomsnittleg deltaking, men dei er inkludert i figuren som viser deltaking fordelt på aldersgrupper. I figurbeskrivingane indikerer «svar» kor mange som har svart (ja/nei) på spørsmåla om deltaking på publikumsarrangement, som vi også har relevant bakgrunnsinformasjon om til den enkelte figur.


Dette er tilbod som ofte har relativ høg pris og kan vere kommersielle. Seinare analysar må sjå slik bruk i samanheng med heile fritida til barn og unge.

### 6.1 Kino


Kino er eit tilbod med kulturpolitisk verdi, men som også er svært kommersielt. Her vises andel av barn og unge som har vore på kino i fritida minst ein gong i første fire månader av 2022.

- Kino er det mest populære kulturtildaket. Frå 6 årsalderen vil noko over 4 av 5 barn og unge ha vore på kino siste fire månader
- Det er mindre forskjell mellom regionar, det er noko større forskjell mellom bydelar i Bergen.
- Kinobesøk aukar mykje med aukande husstandsinnntekt og noko med aukande hustands utdanning. Kino er eit relativt dyrt tilbod, og pris har ein effekt her.


Figur 6.1.1: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på kino etter **region**. Svar: 8749




*Figur 6.1.2: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på kino etter **bydel i Bergen kommune**. Svar: 4051*




*Figur 6.1.3: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på kino etter **bustadkommunens sentralitetsklasse**. Svar: 8749*




*Figur 6.1.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på kino etter **justert husstandsinnntekt**. Svar: 8657*



*Figur 6.1.5: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på kino etter foreldras høgaste utdanningsnivå. Svar: 8713*



*Figur 6.1.6: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har vore på kino etter alder. Svar: 9685*




## 6.2 Fornøyelsespark, leikeland o.l.:


Dette er i hovudsak kommersielle tilbod. Her vises andel av barn og unge som har besøkt fornøyelsespark, leikeland o.l. i fritida minst ein gong i første fire månader av 2022.

- Det er store regionale forskjellar her; 26 % av barn og unge i Nordfjord og Kinn har vært på slike tilbod mot 54% i Bergen. Dei minst sentrale kommunar har lågast besøk.
- Dette er tilbod som er mest brukt av dei med best råd, og av dei yngste barn. Utdanning har lite å si.
- Besøket fell kraftig i alder: Dette er eit tilbod til dei yngste. Det er lite forskjell mellom gutter og jenter.


*Figur 6.2.1: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på fornøyelsespark, leikeland e.l. etter region. Svar: 8749*




*Figur 6.2.2: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på fornøyelsespark, leikeland e.l. etter bydel i Bergen kommune. Svar: 4051*




*Figur 6.2.3: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på fornøyelsespark, leikeland e.l. etter bustadkommunens sentralitetsklasse. Svar: 8749*




*Figur 6.2.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på fornøyelsespark, leikeland e.l. etter justert husstandsinntekt. Svar: 8657*



*Figur 6.2.5: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på fornøyelsespark, leikeland e.l. etter foreldras høgaste utdanningsnivå. Svar: 8713*



*Figur 6.2.6: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har vore på fornøyelsespark, leikeland e.l. etter alder. Svar: 9685*



## 7. Bibliotek

I panelet er det spurt om barnet siste fire månader har vore publikum eller besøkande på bibliotek, om det blei lånt bøker, eller gått på arrangement på biblioteket.

I dette kapitel viser vi andelen barn og unge i alderen 6-15 år som besøkt bibliotek minst ein gong dei siste 4 månadene våren 2022. Det gjerast her analysar av alle typar besøk samla (vore på bibliotek), og av tre typar besøk; Utan å låne noko, med lån og besøk på eit arrangement på bibliotek. Analysar som knyter bibliotek til andre interesser kjem i seinare rapportar.


Vi viser gjennomsnittleg deltaking fordelt på region, bydel i Bergen kommune, sentralitetsklassar, foreldras utdanningsnivå, husstandens justerte inntekt og aldersgrupper. Fordi 16-17 åringane i vårt utval oppfører seg svært anngleis enn 6-15 åringane er dei utelatne frå utrekninga av gjennomsnittleg deltaking, men dei er inkludert i figuren som viser deltaking fordelt på aldersgrupper. Fordi biblioteksbesøk er ein aktivitet som når breitt i alder har vi også tatt med dei i alderen 3-6 år i aldersfigurane. I figurbeskrivingane indikerer «svar» kor mange som har svart (ja/nei) på spørsmåla om deltaking på publikumsarrangement, som vi også har relevant bakgrunnsinformasjon om til den enkelte figur.

### 7.1 Vore på bibliotek uansett føremål


Bruk av bibliotek kjenneteiknast av:

- Det er stor forskjell mellom regionar og mellom bydelar; på heile 15 prosentpoeng.
- Middelstanden sine barn brukar bibliotek noko meir enn andre inntektsgrupper.
- Jenter har mindre forskjell etter familieinntekt enn gutter.
- Bruk aukar med foreldrane si utdanning. Forskjellen er stor mellom lågaste utdanning (40% av jenter og 35% av gutter) og høgaste (63% av jenter og 55% av gutter).
- Besøk fell frå tiårsalderen.


Figur 7.1.1: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på bibliotek etter region. Svar: 8749




*Figur 7.1.2: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på bibliotek etter bydel i Bergen kommune. Svar: 4051*




*Figur 7.1.3: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på bibliotek etter bustadkommunens sentralitetsklasse. Svar: 8749*




*Figur 7.1.4: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på bibliotek etter justert husstandsinnntekt. Svar: 8657*



*Figur 7.1.5: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på bibliotek etter foreldras høgaste utdanningsnivå. Svar: 8713*



*Figur 7.1.6: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har vore på bibliotek etter alder. Svar: 9685*



## 7.2 Bibliotek: Besøk utan lån, med lån, eller på arrangement

Besøk på bibliotek har ulike formål. Vi har tal for besøk utan lån, besøk med lån og besøk på eit arrangement på biblioteket. Same barn kan ha fleire av desse, slik at figurane kan ha overlappande respondentar.

I denne delen er rekkefølga av figurar ein annan enn i resten av rapporten. For kvar bakgrunnskategori følger dei tre ulike besøkstypar etter kvarandre, slik at vi kan sjå samanheng og ulikskap mellom besøkstypar.


### 7.2.1 Biblioteksbesøk etter region og bydel

Når vi ser på bruk av biblioteket etter region og bydel finn vi at:


- Det er store forskjellar mellom bydelar og regionar for biblioteksbesøk både med og utan lån.
- Samla ser vi at barn som først er på bibliotek sannsynlegvis har lånt noko minst ein gong i løpet av disse fire månader.
- Det er mindre samanheng mellom besøkstypane, det tydar på at bibliotekbruk er forskjellig frå region til region.

- Ulikskap mellom bydelar i Bergen er større enn ulikskap mellom regionar. Særleg på arrangement er avstanden stor mellom dei to bydelar med flest besøkande og de andre.


*Figur 7.2.1.1: Andel barn og unge (6-15 år) som har **besøkt utan lån** etter region. Svar: 8749*



*Figur 7.2.1.2: Andel barn og unge (6-15 år) som har **besøkt med lån** etter region. Svar: 8749*




*Figur 7.2.1.3: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på **arrangement** etter region. Svar: 8749*




Så tre av de same figurer etter bydel:


*Figur 7.2.1.4: Andel barn og unge (6-15 år) som har **besøkt utan løn** etter bydel. Svar: 4051*



*Figur 7.2.1.5: Andel barn og unge (6-15 år) som har **besøkt med løn** etter bydel. Svar: 4051*



*Figur 7.2.1.6: Andel barn og unge (6-15 år) som har vore på **arrangement** etter bydel. Svar: 4051*




## 7.2.2 Biblioteksbesøk etter bustadkommunens sentralitetsklasse


Når vi ser på bruk av bibliotek etter bustadkommunens sentralitet finn vi at:

- Besøk utan lån er meir vanleg Bergen og dei minst sentrale kommunar. Besøk med lån er jamnare fordelt, men der jenter er gjennomgåande meir aktiv enn gutar.
- Arrangementsbesøk er jamnare fordelt både etter sentralitet og etter kjønn.


*Figur 7.2.2.1: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har **besøkt utan lån** etter **bustadkommunens sentralitetsklasse**. Svar: 8749*



*Figur 7.2.2.2: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har **besøkt med lån** etter **bustadkommunens sentralitetsklasse**. Svar: 8749*



*Figur 7.2.2.3: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på **arrangement** etter **bustadkommunens sentralitetsklasse**. Svar: 8749*




### 7.2.3 Biblioteksbesøk etter justert husstandsinntekt


Når vi ser på bruk av bibliotek etter justert husstandsinntekt finn vi at:

- Biblioteket når breitt på tvers av familien si inntekt. Noko større andel jenter enn gutter.
- Arrangement når også breitt, med noko lågare deltaking av dei med lågast inntekt.


*Figur 7.2.3.1: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har **besøkt utan lån** etter justert husstandsinntekt. Svar: 8657*



*Figur 7.2.3.2: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har **besøkt med lån** etter justert husstandsinntekt. Svar: 8657*



*Figur 7.2.3.3: Andel gutter og jenter (6-15 år) som har vore på **arrangement** etter justert husstandsinntekt. Svar: 8657*




#### 7.2.4 Biblioteksbesøk etter foreldras høgste utdanningsnivå


Når vi ser på bruk av bibliotek etter foreldras høgste utdanningsnivå finn vi at:

- Det er aukande lån med foreldra si utdanning og aukande arrangement besøk. Jenter er meir preget av foreldre si utdanning enn gutter.
- Gutar er svakare representert på arrangementa.


*Figur 7.2.4.1: Andel gutar og jenter (6-15 år) som har **besøkt utan lån** etter foreldras **høgste utdanningsnivå**. Svar: 8713*



*Figur 7.2.4.2: Andel gutar og jenter (6-15 år) som har **besøkt med lån** etter foreldras **høgste utdanningsnivå**. Svar: 8713*



*Figur 7.2.4.3: Andel gutar og jenter (6-15 år) som har vore på **arrangement** etter foreldras **høgste utdanningsnivå**. Svar: 8713*




#### 7.2.4 Biblioteksbesøk etter alder


Når vi ser på bruk av bibliotek etter alder finn vi at:

- All bruk fell med alder. Sterkast fall er det på arrangementa og utlån, kor bruken er på topp i alderen 6 til 9 år.


*Figur 7.2.4.1: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har **besøkt utan lån** etter alder. Svar: 9685*



*Figur 7.2.4.2: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har **besøkt med lån** etter alder. Svar: 9685*



*Figur 7.2.4.3: Andel gutter og jenter (6-17 år) som har vore på arrangement etter alder. Svar: 9685*



## 8. Meir om undersøkinga, analysekategoriane og metode

Barnefamiliepanelet inneholder spørsmål om barn si deltaking på ei rekke ulike kultur- og idrettsaktivitetar og andre aktivitetar. Både faste, organiserte aktivitetar, eigenorganiserte aktivitetar og publikumsdeltaking på arrangement vert dekkja. I tillegg inneholder undersøkinga ei rekke andre spørsmål som gjeld deltaking eller mangel på deltaking i fritidsaktivitetar.

Spørjeundersøkinga oppfyller personvernlovgiving. Sjå nettside med detaljar om dette.

Undersøkinga er gjennomført av Bergen kommune med støtte frå Vestland fylkeskommune. Det er også eit samarbeid med forskingsstiftinga NORCE om mediebruksørsmål.

### 8.1 Rapportens styrker og svakheiter

Vestland barnefamiliepanel har eit høgt tal respondentar ( $n = 12951$ ), noko som gir eit godt utgangspunkt for mange typar analysar.

Den statistiske usikkerheita er svært låg når ein ser på tal for overordna regionar og grupper, og aukar di meir ein avgrensar respondentgruppa. Usikkerheitsnivået kjem fram i søyle-diagramma i form av ein liten strek rundt toppen av kvar søyle.

Panelen har unikt gode data frå brukaren si side når det gjeld detaljnivået for konkrete aktivitetar. Andre undersøkingar, som Ungdata, har langt færre spørsmål om fritidsaktivitetar. Ein må likevel vera merksam på at folketalet er lågt i nokre av kommunane som er med i undersøkinga. Personvernomsyn set difor grenser for detaljert nivå ein kan sjå på data på. I denne rapporten blir det ikkje lagt fram data på kommunenivå utanom for Bergen (med bydelar) og Askøy (som er åleine i sentralitetsklasse 3).

Rapporten her gjev ei oversikt over nokre sentrale data frå panelet. Den har til føremål å leggja fram oversikt som kan vera interessante i seg sjølv, og også å starta ein samtale om kva som er dei viktigaste spørsmåla ein treng svar for vidare.


### 8.2 Tidspunkt, geografi, talet på spurde og respondentar

Bergen kommune har gjennomført undersøkinga tre gonger i Bergen kommune sidan 2019. I 2022 blei undersøkinga utvida til heile fylket. Spørjeundersøkinga gjekk då føre seg mellom 23. mai og 21. juni 2022.

Alle folkeregistrert i Vestland fylke med barn mellom 3 og 17 år fekk invitasjon til å delta. Når første forelder ikkje har svart etter 2 påminningar har invitasjonen gått vidare til eventuell andre forelder i husstanden.

For å inkludere flest moglege svar i analysen har vi tatt med alle respondentane som har svart på undersøkinga, sjølv om dei ikkje har fullført heile, så lenge dei har svart på spørsmålet om eige utdanningsnivå. Talet på svar som vi baserer figurane våre på vil difor variere litt, men er oppgitt i kvar figur. Med avgrensinga etter svar på eige utdanningsnivå blir svarprosenten i undersøkinga slik:

Svar 2022	Svart	Bruttoutval	Svarprosent
Bergen kommune	6229	27202	22,9 %
Vestland eks. Bergen	6722	36656	18,3 %
Total	12951	63858	20,3 %



### 8.3 Spørsmåla

Det er ein av dei vaksne i husstanden som svarar på spørsmål om hustanden og eitt av borna. Respondentane svarar først på spørsmål om husstandens samansetning og dei vaksne si inntekt, utdanning, fødeland og anna. Vidare er det spurde om barnet og den vaksne har delteke i ulike organiserte aktivitetar, publikumsaktivitetar, organisasjonar og anna i 2022.

Data om faste organiserte aktivitetar er presentert i ei anna rapport.

Når det gjeld publikumsaktivitetar som denne rapporten omhandlar er dei vaksne i hushaldet spurta om dei har dei siste fire månader vore på ingen, konsert med klassisk musikk, jazz eller opera, konsert med populærmusikk, rock, elektronisk, metall etc., teaterforestilling, danseforestilling, stand-up eller revy, litteraturarrangement, kino, kunstutstilling, museum, vitensenter eller kulturminne, folkefest eller anna offentleg utandørsarrangement, festival, idretts- eller sportsarrangement, ope verkstad, låne bøker på bibliotek og arrangement på bibliotek.

Det er spurta om barnet siste fire månader har vore på, kor mange gongar dei var på, om kven som tok initiativ til besøket og om besøket føregjekk i eigen kommune, Bergen, annan kommune i Vestland, i resten av Norge og i utlandet; På konsert, teaterførestilling, danseførestilling, litteraturarrangement, kino, kunstutstilling, museum eller kulturminne, folkefest/ utandørsarrangement, festival, sports- eller idrettsarrangement, open verkstad, fornøyelsespark, leikeland, eller liknande, svømmehall, badeland, turområde eller dagsturhytte, open idrettshall, vore på hytte eller fritidsbustad, bibliotek, alpinanlegg, ingen.

Det er spurt om bruk av fritidskort utanfor Bergen, og om aktivitetskort i Bergen.

Det er også spurt om faste organiserte aktivitetar, som rapporterast i eigen rapport. Det omfattar 9 kulturaktivitetar, 3 typar kulturskule, 23 idrettsaktivitetar, 5 friluftsaktivitetar, 7 andre aktivitetar og 15 eigenorganiserte aktivitetar.

I 2022-undersøkinga er det også spurd om familiens medievanar. Dette er i regi av forskarar frå Norce. I tidlegare rundar er det spurt om hinder for bruk og om transport og om arenaar.

Sjå nettsida for oversikt over alle spørsmåla.


#### 8.4 Om vekting av data

Ulike samfunnsgrupper svarar i ulik grad på spørjeundersøkingar. For å oppnå resultat som er representative for befolkninga kan ein nytta vekter. Då vil svar frå respondentar som tilhøyrar underrepresenterte demografiske grupper vega tyngre, slik at gjennomsnittstala for ein region samla sett blir meir representative. I arbeidet med denne rapporten har respondentane blitt vekta etter utdanning og etter responsraten i dei ulike kommunane.

Det kjem eigen dokumentasjonsrapport om datainnsamling og analyse.

#### 8.5 Kommunaløkonomiske forhold

Rapporten har ikkje analysar av kommunane sitt kulturbudsjett i forhold til aktivitetsnivå, det må gjerast i framtida. Til orientering viser her rekneskapstal for 2021:



Kultur gjeld kostra-funksjonane 231 Aktivitetstilbod til barn og unge, 365 Kulturminnevern, 370 Bibliotek, 373 Kino, 375 Museum, 377 Kunstformidling, 383 Kulturskular, 385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturygg og 386 Kommunale kulturygg, Idrett gjeld kostra-funksjonar 360 Naturforvalting og friluftsliv, 380 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg, 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg.

## 8.6 Om analysekategoriane

Rapporten har figurar der data er analysert på ulike måtar, som går igjen i dei ulike kapittel. Variablane dataane blir analysert etter er kjønn, region i fylket, bydel i Bergen, kommunens sentralitet, foreldra sitt utdanningsnivå og hushaldninga si justerte bruttoinntekt.

### 8.6.1 Kjønn

Barnets kjønn som registrert i folkeregisteret. Av personvernomsyn har ikkje undersøkinga spørsmål om kjønnsidentitet, helse eller andre sensitive forhold.

### 8.6.2 Foreldrenes utdanning

Spørjeundersøkinga har detaljerte spørsmål om utdanninga til dei vaksne i hushaldninga. I denne rapporten blir det operert med ei forenkla firedeling: VGS eller mindre, Fagskule, Kort høgare utdanning (opp til 3 år på høgskule/universitet), Lang høgare utdanning (fire år eller meir på høgskule/universitet). Vidare tek ein i denne rapporten utgangspunkt i det høgaste utdanningsnivået blant dei vaksne i hushaldninga.

### 8.6.3 Hushaldningas justerte brutto inntekt

Respondentane har oppgitt den årlege samla bruttoinntekta i husstanden i éin av ni kategoriar i spørjeskjemaet.

Det blir operert med fem inntektskategoriar i analysane. Ein må vera merksam på at 40 % av husstandane er i den midtarste inntektskategorien, om lag 20 % i dei to kategoriane på kvar side av den midtarste kategorien, og i under- og overkant av 10 % i høvesvis låginntektsgruppa og den gruppa med høgast inntekt.

For å kunna samanlikna den reelle kjøpekrafta i ulike husstandar, må me ta omsyn til at familiar er av ulik storleik. Me baserer oss her på EU sine forbruksvekter. Den første vaksne personen i husstanden får ei forbruksvekt på 1, for eventuelle andre vaksne personar legg ein til 0,5. Vidare legg ein til 0,3 for kvart barn i husstanden. Hushaldninga si bruttoinntekt blir delt på summen av forbruksvekt for alle husstandsmedlemmene. Slik kjem ein fram til ei justert brutto hushaldningsinntekt.

EU og OECD sine standardiserte grenser for låginntekt (EU-50, EU-60 og OECD-60) er sett ved 50 eller 60 % av median netto husstandsinntekt justert med forbruksvekter (med litt ulike metodar). EU-50 vert også nytta av SSB og Bergen kommune, og er vanlege haldepunkt i diskusjonar om fattigdom i Noreg. I denne rapporten vert EU-50 nytta, men sidan me må ta utgangspunkt i bruttoinntekt (medan låginntektsmålet tek utgangspunkt i nettoinntekt) må me gjera nokre berekningar. For meir om desse berekningane sjå dokumentasjonsrapport.


I følgje SSB levde 5,8 % av borna i Bergen under EU-50-grensa og 11,5 % levde under EU-60-grensa i 2020. Tilsvarande tal for Vestland fylke er 5,2 % og 10,5 %.

I rapport nr. 4 frå barnefamiliepanelet er det gjort greie for nokre kjenneteikn for familiar i dei ulike inntektskategoriane. Der ser ein mellom anna at låg inntekt ofte heng saman med at det berre bur éin voksen i hushaldninga, at minst éin voksen er arbeidsledig, varig sjuk/ ufør eller heimeverande, og at det ofte blir snakka heilt eller delvis på andre språk enn norsk.

### 8.6.4 Regionar i fylket og bydelar i Bergen

Utgangspunktet er respondentens bustadkommune oppgitt av folkeregisteret. Den regionale inndelinga er gjort med omsyn til å få regionar som både gir geografisk mening og som har eit

høgt nok tal respondentar til at analysar er mogleg. Inndelinga samanfall med inndelinga i Folkehelseundersøkinga med unntak av at Osterøy i denne rapporten tilhøyrar Nordhordland. Inndelinga er slik:




- Sunnhordland: Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad.
- Hardanger og Voss: Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss, Kvam.
- Bergen: Bergen.
- Midthordland sør: Samnanger, Bjørnafjorden, Austevoll.
- Midthordland nord: Øygarden, Askøy.
- Nordhordland: Vaksdal, Modalen, Osterøy, Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen.
- Indre Sogn: Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster.
- Sunnfjord + Ytre Sogn: Solund, Hyllestad, Høyanger, Askvoll, Fjaler, Sunnfjord.
- Nordfjord + Kinn: Kinn, Bremanger, Stad, Gloppen, Stryn.

Utgangspunktet er kva for ein bydel i Bergen kommune respondenten si bustadadresse ligg i. På grunn av eit lågt tal respondentar i Arna er denne slått saman med Åsane. Inndelinga er dimed slik: Fana, Åsane/Arna, Fyllingsdalen, Laksevåg, Årstad, Bergenhus og Ytrebygda.

#### 8.6.5 Kommunens sentralitet

Me nyttar sentralitetsindeksen frå Statistisk sentralbyrå. Berekninga ser på kor mange arbeidsplassar og servicefunksjonar ein kan nå med bil i løpet av 90 minutt frå ein grunnkrins. Kvar kommune får ein verdi og blir plassert i ein sentralitetsklasse. I Vestland fylke fordeler kommunane seg frå Klasse 2 (mest sentralt) til Klasse 6 (minst sentralt):



- Klasse 2: Bergen.
- Klasse 3: Askøy.
- Klasse 4: Øygarden, Bjørnafjorden, Stord, Alver, Voss, Osterøy, Samnanger, Sunnfjord, Kvam, Sveio.
- Klasse 5: Kinn, Sogndal, Vaksdal, Austrheim, Bømlo, Gloppen, Fitjar, Stryn, Stad, Årdal, Etne, Ullensvang, Kvinnherad, Austevoll.
- Klasse 6: Luster, Fjaler, Tysnes, Lærdal, Ulvik, Høyanger, Eidfjord, Masfjorden, Vik, Modalen, Aurland, Askvoll, Hyllestad, Bremanger, Gulen, Fedje, Solund.

